# REGULERINGSPLAN FOR E6 KVITHAMMER – VOLDSDALEN, GANG- OG SYKKELVEG

PlanID: 3-038 A

Dato for siste revisjon av plankartet: 08.02.2024
Dato for siste revisjon av bestemmelser: 17.04.2024
**Dato for vedtak i kommunestyret: 21.06.2012**
Reguleringsendring A: Ny avkøyring frå Bolkvegen, vedtatt 17.04.2024

## § 1 AVGRENSING

Det regulerte område er vist med reguleringsgrense på plankart R101-R102 datert 26.3.2012, sist revidert 15.02.2024.

## § 2 REGULERINGSFORMÅL (PBL §§ 12-5, 6 og 7)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5)
- Gang- og sykkelveg (G/S)
- Kjøreveg, privat veg (f_KV)
- Anna veggrunn - grøntareal (AVG)
- Kollektivholdeplass (KH)

Landbruks-, natur-, friluftsformål samt reindrift (pbl § 12-5)
- Jordbruk

Hensynssoner (pbl 12-6)
- Sikringssone – Frisikt (H140)

Område føresegner (pbl § 12-7)
- Anlegg- og riggområde (# 1-8)

## § 3 FELLESBESTEMMELSER

### 3.1 Byggeplaner

Før anleggsstart skal det utarbeidas komplette byggeplanar for heile veglinja med berørte sideareal og som viser korleis terrengbehandling, istandsetting, revegetering og tilbakeføring av areal til sitt opprinnelege formål skal utføres.

Det skal utarbeidast ein ytre miljøplan (YM) i samband med byggeplanen. YM-planen skal sikre at føringar og krav for det ytre miljøet blir ivaretatt på ein systematisk måte i den vidare detaljeringa og prosjekteringa.

### 3.2 Terrengbehandling

Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terreng slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng blir mest mogleg naturleg.

Skråningar skal slakast ut ved flatt terreng. Bratte skjeringar og fyllingar skal slakast ut ved topp/botn og få ein mjuk overgang. Grøfter og skåningar skal tilsåast.

Grøfter skal ha utforming slik at avrenning frå veg blir leda bort. Der vegen blir etablert på fylling skal det leggast til rette for at vatn frå sidene får sige på tvers av vegen gjennom underliggande sprengtsteinfylling.

All toppmasse og undergrunnsjord/torvjord i ny veglinje, sideareal og anleggsområde skal takast av, mellomlagrast og gjenbrukast i området. Toppmasser og undergrunnsjord skal lagres adskilte.

Alle berørte sideareal skal settast i stand og revegeteras med mest mogleg bruk av mellomlagra vekstmasser.

**3.3 Trafikkavvikling**
Det kan tillates kortare periodar med stenging av køyrevegen utan at dette er til fare for liv og helse. Etter sprenging skal opprydding av vegbanen skje snarast.

**3.4 Kulturminner**
Det skal ikkje settast i gang anleggsverksemd før automatisk freda kulturminner er registrerte og området er frigitt av kulturminnemyndigheiten.

Dersom det i samband med utbygginga blir oppdaga automatisk freda kulturminner som tidlegare ikkje er kjente, skal kulturminnemyndigheita i Nord-Trøndelag kontaktes umiddelbart jfr. lov om kulturminner § 8.

**3.5 Støy**
Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (Rundskriv T-1442) skal vere retningsgivande for anlegget.  Retningslinja gjeld både for drifts- og anleggsfasen. Eventuelle støytiltak skal vere praktisk gjennomførbare og skal økonomisk stå i rimeleg forhold til den støydempande effekten.

Plassering og utforming av støyreduserande tiltak skal avklarast i byggeplanen og tiltaka skal vere ferdigstilte seinast når vegen på den aktuelle strekninga er ferdig bygd og tatt i bruk.

**3.6 Privatrettslege avtalar**
Det skal ikkje inngås privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

**3.7 Byggegrenser**
Byggegrense langs vegen følgjer veglovens føresegner. Der eksisterande reguleringsplanar har anna byggegrense skal gjeldande plan følgjes. Eksisterande og lovleg oppsatt bygningar i byggeforbodssona, med unntak av bygg som i planen er forutsatt revet, er tillatt. Det kan også utføres vedlikehald og utbetring av bygg. Gjenoppbygging etter eventuell brann eller naturskade, og tiltak/påbygg, forutsetter plassering utafor byggegrensa. Kommunen kan eventuelt gje dispensasjon etter søknad. Lokal skjerming av uteareal kan gjennomførast utan dispensasjon frå byggegrensa.

**3.8 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabel)**
Dersom det fins eksisterande ledningstrasear som ikkje er regulerte til faresone på plankarta, inneber planen ikkje krav om fjerning av desse eller endring i gjeldande krav til tiltaks- eller byggeavstand frå dei.

**3.9 Vilkår i bygge-, anleggs og driftsperioden**
Dei mellombelse anlegg- og riggområda skal sikrast på forsvarleg måte. Det skal etablerast rutiner som hindrar avrenning av olje, kjemikalier og andre forurensande stoffer i grunnen. Det skal gjennomførast kontroll av gjennomførte tiltak i etterkant av utbygginga.

Tilrådingane gitt i Rapport nr 2011043187-1 «Geologisk vurdering av bergskjæringer» skal følges.

Arbeidet må planleggast og gjennomførast slik at stabiliteten ikkje blir svekka i nokon av anleggsfasane. Tilrådingane i Rapport nr. 2011043-3 «Grunnundersøkelser – Vurderingsrapport» datert 9.12.2011 punkt 5 skal følgjes (rapporten tas inn som vedlegg til planbeskrivelsen).

## § 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

### 4.1 Gang- og sykkelveg

Områda merka G/S skal brukast til gang- og sykkelveg.

I området frå profil 100 til f_KV1 tillates det at vegen blir brukt som køyreveg til eigedomane gnr. 31 bnr. 1, 2 og 7 fram til ny avkøyring direkte ut på fylkesveg kan takast i bruk. Frå f_KV1 til avkøyringsmarkering ved profil 730 tillates køyring med landbruksmaskiner til eigedomen gnr. 31 bnr. 1.

### 4.2 Privat kjøreveg

Området merka f_KV1 som privat felles køyreveg. Statens vegvesen er ikkje ansvarleg for drift og vedlikehald privat felles køyreveg. Området skal opparbeidast til formålet.

Følgjande gards- og bruksnummer har rett til bruk:

f_KV1: gnr 31 bnr 1, gnr 31 bnr 2, gnr 31 bnr 7

I tillegg til opplista gards- og bruksnummer har alle med naturleg adkomst til sine eigedomar, eller til anna rettigheiter langs vegen, bruksrett til vegen.

### 4.4 Anna veggrunn - grøntareal

Områda merka AVG skal nyttas til anna offentleg trafikkareal som grøfter, skjeringar, fyllingar, støttemurar, støyvoller/-skjermer, viltgjerder, rekkverk, stabiliserande tiltak etc. Det kan tillates oppført mindre bygningar og tekniske installasjonar knytta til drift av veganlegget.

Mindre vesentlige endringar i skråningsutslag innafor områdegrensene kan utføres som følgje av uventa forhold, til dømes grunnforhold.

### 4.5 Kollektivhaldeplass

Områda merka KH skal brukast til kollektivhaldeplass.

## § 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT (LNFR)

Områda gjelder eksisterande LNF-områder.

Der jordbruksområder blir tatt bruk til mellomlagring av masser skal lagringsområdet vere sikra mot blanding av massane. Matjordlaget skal enten fjernast og mellomlagrast på eige område eller det skal tildekkast med duk. I alle områder der eksisterande dyrkajord blir berørt av anleggsdriften skal det tilstrebes ei istandsetting som gir samme kvalitet som før inngrepa.

Anlegget skal gjennomføringast i samsvar med FOR 1988-03-25 nr 251: «Forskrift om floghavre» for å hindre spreiing av uønska framande artar. Massar frå infisert eigedom skal ikkje mellomlagrast på annan eigedom eller brukast i anlegget på annan eigedom. Maskiner skal reingjerast for å hindre spreiing.

## § 6 HENSYNSSONER

**6.1 Sikringssone - Frisikt**
I området merka «Frisikt H140», ved profil 1150, er det ikkje tillatt med sikthindrande gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over tilstøtande køyrebaner sitt plan. Området skal opphøre som riggområde, og vere rydda for sikthindrande gjenstandar, før gang- og sykkelvegen blir tatt i bruk.

## § 7 OMRÅDE FØRESEGNER

Anlegg- og riggområde gjelder områder som kan nyttast mellombels til riggplass, mellombels lagerplass for masser, anleggsvegar og anleggsområde,  parkering av anleggsmaskiner og andre forhold som er naudsynt for gjennomføring av anlegget.

Massane sin forurensningsgrad blir bestemt etter kriteriane i TA-2553 utgitt av Statens forurensingstilsyn 2009. Innafor området avsatt til mellombels anlegg- og riggområde kan det mellomlagras reine masser tilsvarande tilstandsklasse 1 utan restriksjonar. Blir det avdekka masser med anna tilstand (tilstandsklasse) skal massen handteras etter rettleiing gitt i TA-2553 og etter prosjektets kontraktsbestemmelser herunder gjeldane SHA- og YM-planer.

Overskotsmassar skal deponeras på godkjente deponiområder.

Det skal tas særskilt hensyn for å unngå spreiing av fremmande skadelege artar. Om slike blir oppdaga skal det lagast ein tiltaksplan som viser kva tiltak som skal settast i verk for hindre spreiing. Naudsynte tiltak for beskytting skal vere etablert før bygge- og anleggsarbeider kan settast i gang.

Etter avslutta anlegg opphører mellombels reguleringsformål, områda skal ryddast, settast i stand og førast tilbake til det formål med føresegner som er angitt i planen. Arbeidet skal vere avslutta seinast i løpet av sommaren etter ferdigstillelse av veganlegget.

## § 8 REKKJEFØLGJEBESTEMMELSER

Avkøyring for eigedomane: Gnr. 31 bnr. 1, 2 og 7 direkte ut på bilveg i tråd med reguleringsendring bokstav A kan ikkje ferdigstilles og takast i bruk før E6-trafikken forbi området er lagt om i tråd med detaljregulering for E6 Kvithammer – Åsen.